

Kr 30,00

NR. 2 1996
37. ÅRGANG

SPRÅKLIG SAMLING

GITT UT AV

LANDSLAGET
FOR
SPRÅKLIG
SAMLING

- Valfridom i prinsippet og i praksis
- ER SAMNORSKEN DØD?
- DEN «NYE» TELJEMÅTEN – SUKSESS ELLER FIASKO?
- ER KRISTIANSANDSK = DANSK?
- ILLUSTRERT RIKSMÅLSORDBOK

SPRÅKLIG SAMLING

Ansvarlig redaktør: Arne Torp

Bladpengar: 110,- pr. år.

Adressa til laget og bladet:

Postboks 636 Sentrum, 0106 Oslo

Postgiro 0803 5163787

Utgitt av:

LANDSLAGET FOR SPRÅKLIG SAMLING

Leiar: Pål Styrk Hansen

Tanumveien 89 e

1312 Slependen

Medlemspengar (inkluderer bladpengar):

Kr. 125,- pr. år;

for skoleelevar, studentar og pensjonistar:

Kr. 75,- pr. år.

Redaksjonelt

Denne gangen kan vi by på både strengt faglige bidrag og et par mer polemiske. De faglige innslaga kan vi først og fremst takke to unge damer for som tok hovedfagseksamen i nordisk før jul i fjor. Begge har studert i Kristiansand, og eksamen ble avvikla ved Høgskolen i Agder, i samarbeid med Universitetet i Oslo.

Trude Hoel har laga et sammendrag av si hovedoppgave som dreier seg om vide og trange skriftnormaler, et emne som er svært sentralt for LSS og som derfor bør interesse de som leser Språklig samling.

Vibeke Lauritsen har undersøkt åssen det står til i dag med den såkalt nye tellemåten, og dessuten har hun produsert en lett revidert versjon av prøveforelesinga si om «danske» trekk i i kristiansandsmålet.

Professor Kjell Ivar Vannebo har sett på ei illustrert ord-bok over konservativt bokmål (som jeg foretrekker å kalle det) og presenterer noen av sine inntrykk.

Disse artiklene er hovedoppslaga i dette nummeret. Midt blant disse faglige bidraga har vi plassert et par små polemiske innslag, som det sømmer seg en publikasjon som også skal ha en språkpolitisk profil.

Ivar Hundvins artikkel om samnorsken (som ikke var

død!) har opprinnelig stått i Adresseavisen 3. juni i år. I den artikkelen Hundvin kommenterer, refererer avisa en gallupundersøkelse som viste at «et knapt flertall av det norske folk mener at bokmål og nynorsk bør smeltes sammen til ett språk». Dette resultatet kunne jo virke oppløftende for oss i LSS, men det har ikke Adresseavisen noe særlig tru på:

Når 57 prosent av Høyre og Fremskrittspartiets velgere sier ja til sammensmelting, er det nærliggende å tvile på at de samtidig sier ja til samnorsken. Trolig har mange av de spurte først og fremst gitt uttrykk for motstand mot to skriftspråk og kanskje tenkt som så at en språklig samling vil føre til at den språkformen de selv ikke liker, forsvinner sammen med sidemålsstilen til artium.

Ellers trykker vi også denne gangen et større opplag enn vanlig for å kunne presentere oss for potensielle nye lesere. Vi håper sjølsagt også at noen vil la seg friste til å bli abonnenter, eller enda bedre: medlemmer av LSS! Det er heller ikke forbudt for de som alt er medlemmer å snakke med venner og kjente om laget — og da gjerne i positive vendinger... Dessverre har vi neppe økonomi til å dele ut feite vervepremier, men det bør heller ikke være nødvendig når saka er så god som vår!

God sommer, alle sammen!

Styret i LSS1996-97

Sentralstyret

Pål Styrk Hansen, leder
Arne Torp, nestleder
Ivar Hundvin, sekretær
Eric Papazian, kasserer
Ruth Vatvedt Fjeld, styremedlem
Harald Støren, styremedlem
Ellen Skolseg, styremedlem
Thomas Hoel, varamedlem
André Karlsen, varamedlem
Torun Gulliksen, varamedlem

Landsstyret

Magne Aksnes
Gulbrand Alhaug
Rolf Theil Endresen
Arne Kjell Foldvik
Ernst Håkon Jahr
Svein Lie
Åshild Rykkja
Helge Sandøy
Knut Western
Jon Vidar

Varamedlemmer til landsstyret

Einar Flydal
Johs. Fosså
Anne-Ma Grønlie
Øyvind Gulliksen
Reidun Guldal
Eskil Hanssen
Thomas Refsdal
Thore A. Roksvold
Helge Omdal
Geirr Wiggen

Redaktør: Arne Torp

Revisor: Johs. Fosså

Valfridom i skriftnormalane – i prinsippet og i praksis

«Noget af det bedste ved en standardiseret retskrivning er netop dette, at den kan gøre meddelelsen til det centrale uden at viderebringe noget om skribentens alder, dialekt, køn, sociale status, humør, tandstilling og helbred. (...) Formen røber det ikke i sig selv.» (Detlef og Lund 1986:36.)

Denne lovprisinga av det danske skriftspråket — med ein såkalla «snever» skriftnormal — står som ein motsetnad til den norske skriftspråksstoda. Få språk har så mykje valfridom som det norske. I Noreg eksisterer det, i teorien, to typar valfridom: Val av normal, bokmål eller nynorsk, og val av form, det vil seia val av variantar innan den einskilde normalen. Den omfattande valfridomen er eit resultat av den historiske utviklinga og den språkpolitiske vektlegginga.

Valfridom i prinsippet

Valfridomen er i dag ein del av skriftnormalane. Han har vore eit språkpolitisk verkemiddel det siste hundreåret, og han har blitt nytta til å fremja språkpolitiske mål. Først blei valfridomen nytta til å sikra språkleg lausriving frå dansken, sidan blei valfridomen nytta for å nærma dei to skriftmåla til kvarandre og for å nærma skrifa til einskildde talemål (Gundersen 1987:32). Valfridomen blir dessutan nytta som eit ledd i forenklinga av skriftmåla og som eit ledd i fornorskinga av framandord, t.d. *taksi* og *teip*.

Lars S. Vikør hevdar at det eksisterer ein samanheng mellom toleransen for variasjon i talemålet og variasjon i skriftmåla, og han meiner at den eksisterande aksepten for språkleg variasjon er eit resultat av den tidlegare danske dominansen (Vikør 1993:206). Nordmenn har kjempa for eksistensen til eit norsk språk, og det er derfor me godtek utbreidd valfridom — både i skrift og tale.

Dei norske skriftnormalane er skapte, og haldne ved like, i større eller mindre grad, gjennom statlege og private tiltak. Norsk språkråd er direkte underlagt Kyrkje-utdannings- og forskingsdepartementet og er på den måten nært knytt til staten. Likevel har språkhistoria vist at endringar ikkje er lette å gjennomføra utan brei støtte i folket. Verkekrakta til ein skriftnormal — og eksistensen i det heile — er avhengig av at han blir tatt i bruk og blir respektert.

Det er inga semje om kva for prinsipp som skal liggja til grunn for ein skriftnormal. Ingemund Gullvåg skil mellom to typar normer som utgangspunkt for språknormering: dei som styrer språkbrukaren, dvs. dei normene som ligg på eit *objektplan*, og dei som er aktuelle for språkplanlegginga, dvs. dei normene som ligg på eit *metaplan*.

Problemet er ifølgje Gullvåg at dei normene «som gjer seg gjeldande på objektplanet, i språkbruken, kan tenkjast vera andre, og av andre slag, enn dei som spelar ei rolle på metaplanet, i språkplanlegging» (Gullvåg 1990:12). Det hender altså at språkplanleggjarane blir skulda for å ikkje tenkja på språkbrukarane, og det resulterer mellom anna i hyppige reformer og utbreidd valfridom.

Dei offisielle normalane for bokmål og nynorsk gjeld stort sett berre ordformer. Valfridom er ein del av normalane t.d. gjennom systemet med *hovudformer* og *sideformer*. Skuleelevar kan nytta sideformer i skriftlege arbeid, men sideformene må ikkje brukast i lærebøker eller i offentleg teneste. Læreboknormalen rommar dermed berre hovudformer, t.d. i nynorsk *tenkje* eller *tenkja*, men i rettskrivingsnormalen har me enda fleire valmoglegheit, som [*tenka*] eller [*tenke*]. Ein annan måte å systematisera valfridomen på, er å setja eit skilje mellom systematisk valfridom (t.d. val av infinitivsending *-e* eller *-a*), dvs. kategoribunden variasjon, og valfridom innan einskildord (t.d. *tønne*, *tynne* eller [*tunne*]), dvs. variasjon innan lydverket. Variantane kan til dels bli nytta som stilmarkørar, og dei blir ofte kjenneteikna med omgrep som «tradisjonell», «radikal», «konservativ» osv. Variantane kan variera i samsvar med talemål, status og sjanger, og det valet ein språkbrukar tar, treng ikkje å vera eit val av den språklege stilen som einskap, men brukaren vel språklege detaljar.

Valfridom i praksis

I teorien kan ein velje fritt, men kordan fungerer valfridomen i praksis, t.d. når det gjeld val av hovudmål? Elevar i grunnskulen har obligatorisk opplæring i begge skriftmåla, men det eine er hovudmål og det andre sidemål, avhengig av kordan elevane og foreldra til elevane vel. Minstekravet til deltaking gjer at oppretting av såkalla parallellklassar, som regel nynorskklassar, ofte krev ein stor foreldreinnsats.

Om lag 70 % av alle skulebarn har nynorsk som hovudmål i grunnskulen, men det er vanleg å skifta målform dersom ein nynorskelev flyttar til ein bokmålsdominert landsdel. Ein finn dessutan eit stort nynorskfråfall ved overgangen til vidaregåande skule og ved overgangen til høgare utdanning. I 1969 kom ei lov om at alle lærebøker skal komma ut på begge målformer, men det er framleis eit problem å få fatt i nynorske lærebøker på spesialområde med få elevar (Vikør 1993:97). Alle byar er bokmålsdominerte, og bokmålet dominerer i det ein høyrer og les av såkalla standardnorsk. Bokmål blir på denne må-

ten ofte noko sjølv sagt — og ikkje eit val — fordi det står fram som meir «normalt» enn nynorsk.

Kva så med valfridomen på formplanet? Han blir først og fremst snevra inn gjennom skiljet som er oppretta mellom læreboknormal og rettskrivingsnormal, men ein kan òg få problem med valfridomen når ein i prinsippet kan velja fritt mellom hovudformer og sideformer, som t.d. i skulesituasjonar. I den offentlege debatten er det mange gonger gitt døme på at bruk av sideformer kan resultera ei feilaktig evaluering av skriftlege arbeid (sjå t.d. Eikseth 1995 og Rahm 1995). Sideforma blir retta til hovudform, anten fordi sensor og lærar driv privat språkpolitikk, eller fordi dei ikkje er oppdaterte om norske språkforhold. Sjansen for å komma til i aviser og tidsskrift, kan òg vera avgrensa dersom ein nyttar uvanlege eller uønskte skriftspråksformer (sjå t.d. *Språklig Samling* 1-1977:1). Dessutan har forlag og næringsliv dei same sensurmoglegheitene som avisene; eit døme på dette kan me sjå i den nye noregshistoria til Aschehoug, der forfattarane blei bedne om å skriva på bokmål.

Eg har i hovudfagsoppgåva mi (1995) sett på ein del rettskrivingsundersøkingar for å kartleggja dei feiltypane som kan setjast i samband med valfridomen i dei norske skriftnormalane. Det kom mellom anna fram at talemålsbasert feilskriving av einskildord er vanleg. Det kan sjå ut til at valfridomen ikkje har den effekten på forholdet mellom skrift og tale som det er tenkt at han skal ha. Feilaktig dobbeltskriving av konsonantar er ein gjengangar. Her kan det sjå ut som at mangelen på konsekvens med omsyn til kva for ord som har valfrie dobbel konsonant (t.d. *kome* eller *komme* i nynorsk) og kva for ord som skal ha dobbel eller enkel konsonant, forvirrar språkbrukarane. Vokalforveksling fann eg òg som frekvent feiltype. I dei norske skriftnormalane er veksling mellom vokalar ofte bygd inn som sidestilte former og sideformer for einskildord (t.d. *somme* eller [*sume*] i nynorsk). Kanskje stoler språkbrukarane på samsvaret mellom lyd og skrift som prinsipp for skriftnormalane? Dersom dét er tilfelle, vil språkbrukarane bli «lurte» i mange samanhengar, for me finn ingen konsekvens for når ein kan velja mellom ulike vokalar. Utelating av såkalla stum *d* er ein annan frekvent feiltype. Denne feiltypen kan me òg setja i samband med graden av valfridom. I einskilde tilfelle er det tillatt å velja mellom former med eller utan stum *d* (t.d. *stod* eller [*sto*] både i bokmål og i nynorsk). Det kom òg fram i undersøkinga mi at feilaktig samandraging av bøyingsendingar er eit problem for bokmålsbrukarane. Her kan me òg knytta feiltypen opp til graden av valfridom. Ved einskilde ord kan ein velja å dra endinga saman (t.d. *filtreret* eller *filtret*), men ved andre ord er det ikkje lov å dra ordendinga saman (t.d. bokmål *to verdener*). Inkonsekvensar i skriftnormalen i samband med valfridomen kan vera ei årsak til rettskrivingsproblem av denne typen. Ein av dei mest påtakelege feiltypane er samoblending av bokmålsformer og nynorskformer i nynorsk. Bokmål dominerer i bruk, og haldningane til nynorsk samt nynorsken sin status i forhold til bokmålet, kan vera med på å forklara feiltypen.

4 – SPRÅKLIG SAMLING

Da eg såg på rettskrivingsundersøkingane som eg arbeidde med i hovudfagsoppgåva mi, viste det seg at det var stort sett berre valfridomen innan lydverket som kom fram i eksemplifiseringa av feiltypar. Den systematiske valfridomen, dvs. den kategoribundne variasjonen, blei ikkje registrert som eigen feiltype, med unntak av samoblending av normalane og ein del problem med grammatisk kjønn. Det at den systematiske valfridomen vantar i feiltypematerialet, kan anten skuldast at denne forma for valfridom er så godt innarbeidd at det sjeldan førekjem feil, eller så kan årsaka vera at den systematiske valfridomen ikkje er like reell og aktuell som han er meint å vera, det vil seia at han er avgrensa i praksis.

Lars S. Vikør kjem i ein artikkel (1995) inn på bruken av den systematiske valfridomen i den nynorske skriftnormalen. Han har gjort ei undersøking av skjønnlitterære forfattarar og deira val av språklege variantar. Resultata han kjem fram til, syner ein klar tendens: Den systematiske valfridomen blir ikkje nytta i si fulle breidde, bruksnorma er meir einsarta enn skriftnorma. Trass i at Vikør baserer undersøkinga på skjønnlitterære forfattarar, finn han altså liten variasjon, og det er overraskande, for skjønnlitterære forfattarar har i praksis større språkleg fridom enn både faglitterære forfattarar og skuleelevar. Den same forma for einsretting som Vikør kom fram til i sin artikkel, blir stadig påpeikt innan bokmålsnormalen.

Heller praksis enn prinsipp

Dei språklege normene er ikkje fastsette berre med utgangspunkt i språket; dei er også avhengige av oppfatningane i språksamfunnet. I kva for grad dei ulike variantane blir sett på som aktuelle og korrekte, er avgjerande for om ein språkbrukar skal halda seg til den «einsretta norma» eller til den offisielle normalen. Det kan sjå ut til at valfridomen er med på å skapa «ekstraproblem» for språkbrukarane, fordi språkbrukaren må avgrensa valfridomen for å etablera ei skriftform som er akseptert i praksis.

Truleg er det grunn til å skilja mellom valfridom i prinsipp og i praksis. Ole Michael Selberg meiner at den valfridomen som blir nytta i praksis, går inn i eit «standardintervall» for variasjon, her finn ein t.d. former som *frem* eller *fram* (Selberg 1993:193). Selberg uttalar seg berre om bokmål, men dersom ein ser på undersøkinga til Vikør, ser det ut til at dei same tendensane òg gjeld for nynorsk.

Valfridomen skal i teorien letta overgangen mellom rettskrivingsendingar, han skal redusera avstanden mellom bokmål og nynorsk og han skal redusera avstanden mellom skrift og tale. Det som pregar debatten omkring skriftspråksnormeringa, er derimot kjensler som er forankra i språkpolitiske prinsipp for utforminga av ein skriftnormal, som t.d. krav om etymologisk konsekvens eller krav om nyanserikdom. Det kjem likevel fram at valfridomen har ei avgrensa bruksnorm og eit avgrensa bruksområde i praksis. Kva har teoretisk valfridom å seia dersom han ikkje kan relaterast til aktuell språkbruk, og kva har utforminga av ein «vid» skriftnormal å seia dersom han ikkje er brukarvenleg i praksis?

Det kan sjå ut til at haldningane til valfridomen er polariserte hos dei språkpolitisk engasjerte: Anten fører valfridomen til uvisse og forvirring, eller så verkar valfridomen medvitskapande og frigjerande. For meg framstår det som urimeleg at det skal vera dei språkpolitisk engasjerte si «synsing» som aleine skal avgjera korleis ein skriftnormal skal bli utforma. Den allmenne språkbrukaren — den som skriv, den som les og den som skal læra seg å skriva og lesa — bør etter mi meining vera basis i valfridomsdebatten. Utgangspunktet for diskusjonen bør bli i kor stor grad ein kan påvisa at mangfaldet i ein vid skriftnormal er til hjelp, eller kan opplevast som ei byrde for den vanlege språkbrukaren.

Litteratur

- Detlef, Claus og Lund, Jørn, 1986: *Stavning. Dansk rettskrivning — rettskrivning i dansk*. Dansk lærerforening, København.
- Eikseth, Egil, 1995: Ja — sideformer er risikable. *Dagbladet* 25.3.95.
- Gullvåg, Ingemund, 1991: Språk og normar: eit filosofisk synspunkt. I: Sandøy, Helge ofl. (red.): *Språkideologi og språkplanlegging i Noreg*. Universitetet i Bergen, Nordisk institutt 1991:12-34, Bergen.

Gundersen, Dag, 1987: Om valgfrihet i norsk rettskrivning. I: Lundeby, Einar, Mæhle, Leif og Grønvik, Oddrun (red.): *Fornyng og tradisjon. Språkvern og språkrøkt 1972-1988*. Oslo: Norsk språkråd/Cappelen 1987:27-38.

- Hoel, Trude, 1995: *Rettskrivingsnormaler — til hjelp eller til besvær? En vurdering av «vide» og «snevre» rettskrivningssystem i skandinaviske språk*. Hovedfagsoppgave i nordisk språk og litteratur (upubl.), Høgskolen i Agder/Universitetet i Oslo. Kristiansand og Oslo.
- Rahm, Edvard, 1995: Risikabelt å bruke sideformer? *Dagbladet* 22.3.95.
- Selberg, Ole Michael, 1993: Enhetsvisjon og språkpluralisme i Norge. I: *Standardspråk og dialekt. Seminarer i Oslo 1991 og 1992*:179-201. [Bergen-Oslo:] Bergens Riksmålsforening og Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur.
- Språklig Samling* 1-1977:1: Osloavis nekta å trykke intervju med leiaren i LSS!
- Vikør, Lars S., 1993: *The Nordic Languages: Their Status and Interrelations*. Oslo: Novus.
- Vikør, Lars S., 1995: Valfriheita i nynorsk i historisk perspektiv. I: *Norma i nynorsk. Debatt.* (= *Norsk språkråds skrifter nr.2*):9-16. Oslo.

Arne Torp:

Ikke-harselas fra formannen i Riksmålsforbundet

I siste nummer av Riksmålsforbundets husorgan *Ordet* begynner formann Trond Vernegg sin kommentarartikkel slik:

Norsk språkråds forslag om å tillate «norsk» skrivemåte for endel engelske ord har fått behørig omtale i pressen; både redaksjonelt og i leserinnlegg. Får Språkrådet som det vil, [her har vel Vernegg hoppa over et aldri så lite *det* (AT)] skal vi altså kunne boltre oss med å skrive «spreie ketsjup i snakkbaren» og mye annet gøy. Såpass mange

har allerede harselert over Språkrådets «fornorsking» at jeg ikke skal falle for fristelsen.

Hermed vil vi få gratulere formann Verneggs med hans evne til å motstå fristelser. I den forbindelse kan det også vel passe å sitere gamle Ivar (det er jo det året også...), som bl.a. har formulert dette visdomsordet: «Når katten hev fenget si metta, snakkar han ikkje so hardt.»

Ivar Hundvin:

Samnorsken var ikke død?

Slik spør Adresseavisen 11. mai. Utgangspunktet er ei Gallupundersøking som viser at et fleirtall meiner at bokmål og nynorsk bør smelte sammen til ett språk.

Ordet samnorsk er ikke brukt av Norsk Gallup. Det er da også et uklart begrep, lansert som skjellsord i den oppheta språkstriden like etter siste krig (jf. Øverland: samnorsk — skamnorsk). Men om en i dette legger tanken om ei tilnærming mellom de to norske skriftspråka, så er det ingen grunn for avisen til å spørre om vi nå skal hente den fram fra kirkegården. For den har vært levende i vel 100 år, og er nedfelt i Lov om Norsk språkråd.

Der står det m.a. at en skal legge vekt på utviklingstendenser som på lengre sikt fører målformene sammen. Og slike tendenser er klare nok, sjøl om de i alle år har vært motarbeidd av både Riksmålsforbundet og Noregs mål-

lag. Vi legger ikke så lett merke til dem, fordi prosessen er langsam. Men om vi ser på språket i bøker og aviser i dag og slik det var for 40-50 år sia, vil vi nok merke tendensen.

At formannen i Riksmålsforbundet nekter å tru at Norsk Gallup har registrert det folk flest meiner, er greit nok. Men når han hevder at ingen har forfekta ideen om et felles norsk skriftspråk de siste 25 åra, tar han feil.

Landslaget for språklig samling har eksistert i 37 år. Det har som formål å arbeide for ei gjensidig tilnærming mellom bokmål og nynorsk og for de formene i skriftspråka som ligger nærmest opp til de mest brukte formene i norsk talemål. Laget er representert i Språkrådet, gir ut et kvar-talstidsskrift og har i mange år delt ut litteraturpris for godt, folkelig språk. I fjor gikk prisen til Øystein Sunde.

Talreforma av 1951 - suksess eller fiasko?

«Femognitti eller nittifem? Ei gransking av gjennomføringa av den nye teljemåten» er tittelen på hovudoppgåva mi som var ferdig hausten 1995. Den nye teljemåten blei innført 1. juli 1951. Frå da av skulle folk skrive og seie talorda med tiaren føre einaren, *førtifire* i staden for *fireogforti*. Eg har i hovudoppgåva mi freista å finne ut kor godt teljereforma har slått igjennom i dag, nærmare 45 år etter at Stortinget vedtok ho. Dette har eg forsøkt å vise gjennom ymse undersøkingar, og med fleire hypotesar som eg prøvde å få bekrefte eller avkrefta. Undersøkinga er gjennomført ved hjelp av 60 informantintervju og «overhøyringar» i forretningar og skoleklassar. Eg har sett på om der kunne vere skilnader i teljemåte når det galdt alder, kjønn, yrke, geografisk tilknytning, utdanning, formell/uformell talesituasjon og rapportert/reell teljemåte.

Det spesielle med teljereforma var at ho omfatta både tale- og skriftspråket, blei støtta av språkleg konservativ, og målet var ikkje å føre dei to offisielle skriftspråka våre nærmare kvarandre. Hovudføremålet var å gjere språket betre som *kommunikasjonsmiddel*.

ARGUMENTASJON

Dei pedagogiske og praktiske *fordelane* blei peika på som viktige argument for teljereforma. Borna ville få det lettare når dei skulle rekne, og det var meir logisk at talorda blei uttalte i den rekkjefølgja dei stod. Folk flest ville få det lettare i det praktiske livet og unngå misforståingar og feil, til dømes ved bruk av sjekkar og i rekneskappar. Argument som at det ville bli enklare for utlendingar å lære norsk, samtidig som vi ville få det teljesystemet som er vanleg i dei fleste andre språk, blei au brukte.

Ulempene var blant anna at vi ville fjerne oss frå dansk, færøysk, nederlandsk og tysk. Dessutan ville uttalen av dei fleste talorda vere i strid med rytmen i dei fleste norske talemåla, ettersom anapesten (tung-lett-tung) er sjeldan i vanleg norsk (Seip 1950:10).

UNDERSØKINGANE MINE

Eg valde å gjere ei undersøking som både var kvalitativ og kvantitativ. I den mest formelle delen av intervjuet i undersøkinga mi, lesestykket, blei 60 % av talorda sagde med den nye teljemåten. Her fekk informantane beskjed om å lese ein tekst inn på kassett. I det mindre formelle og meir munnlege hovudintervjuet, der informantane meir kunne svare som dei ville sjølv, blei den nye bruken i 42 % av svarene. I formelle talesituasjonar er der generelt ein tendens til at folk nyttar fleire standardformer enn i mindre formelle. Sjølv om hovudintervjuet ikkje kunne kallast uformelt, var der i alle høve skilnad i formalitetsgrad i dei to intervju-situasjonane.

Ved *alder* fekk eg det interessante og overraskande resultatet at skilnaden i bruken av den nye teljemåten var jamna ut i hovudintervjuet med unntak av hos skoleele-

vane. Der var små skilnader mellom *kjønna*, som ein kanskje au ville vente ut frå resultatene i andre sosiolingvistiske undersøkingar, men ved *yrke* og *utdanning* og mellom ein-skildinformantane var der til dels store forskjellar i teljemåte. Dei fleste nytta den gamle teljemåten ved faste uttrykk og når dei svare på spørsmålet om kor gamle dei var sjølv.

Sjølv om dei fleste informantane umedvite veksla mellom teljemåtene og der oftast ikkje var samsvar mellom rapportert og reell teljemåte, kan vi sjå tendensar til ei funksjonsdeling. Mange informantar nytta den nye teljemåten i samanhengar der det var viktig å vere klar og nøyaktig, til dømes ved telefonnummer. I meir avslappa talesituasjonar og i privatlivet sa dei fleste informantane talorda med den gamle teljemåten.

KVIFOR HAR DEN NYE TELJEMÅTEN IKKJE SLÅTT IGJENNOM?

Ei årsak kan vere direkte motstand mot teljereforma, først og fremst frå riksmålsrørsla i åra rett etter at reforma blei innført. Dette kan gjerne ha vore ei medverkande årsak dei første åra etter innføringa, men au mange språkleg konservative uttalte seg positivt om saka.

Ei anna årsak kan vere at den nye teljemåten har ein rytme som folk ikkje er vane med. Noen få av informantane mine nemnte dette, og noen hevda det var meir naturleg å bruke den gamle teljemåten fordi ordet da blei lenger, meir tydeleg og kom betre fram. Kor mye dette med rytmen har verka inn, er det vanskeleg å seie noe sikkert om. Dette var kanskje ein av dei umedvitne psykologiske faktorane dei reformvennlege ikkje rekna med skulle spele noen særleg rolle for gjennomføringa. Men svenskane har som kjent nytta den «nye» teljemåten i lange tider utan at det ser ut til å vere noe problem for dei!

Teljereforma kan au vere eit prov på at det ikkje er så lett å drive talemålsnormering her i landet som ein kanskje hadde trudd, og det er tydelegvis vanskeleg å få folk som har eit etablert talespråk til å forandre på det. Med den nye teljemåten fekk vi både ny rekkjefølgje på tala og nye ordformer for fleire av dei. Frå før hadde ein bare røynsler frå reformer i skriftspråket, og desse hadde ein fått gjennomført i skolen utan altfor store problem.

Men ei av dei viktigaste årsakene til at gjennomføringa av den nye teljemåten går så sakte, kan vere at folk ikkje er merksame på korleis dei uttaler talorda i det heile. Dette var det generelle inntrykket eg fekk i intervjuet, og au når eg har snakka med andre. Uttalen av talord er ikkje noe folk normalt tenker over, men i lengda trur eg informasjon, diskusjon og bevisstgjerjing om teljemåtene vil verke positivt for bruken av den nye teljemåten. Folk oppfattar truleg dei to teljemåtene som ulike ord/språkformer som ein kan variere mellom. Det språklege bevisstheitsnivået om teljemåtene ser ut til å vere lågt i dag — i motsetnad til da reforma blei innført.

Viss noe skulle ha vore gjort annleis, burde informasjonen ha vore betre, blant anna i pressa. Behandlinga av teljereforma i fullføringsfasen har dessutan vore dårleg, og ikkje *ein* gong sidan 1951 har til dømes departementet eller sakkunnige råd kome med råd eller rettleiing om korleis lærarane skulle gjennomføre oppgåva si (Vinje 1991:4).

Men vi må heller ikkje gløyme dei heilt urealistiske og overdrivne førestillingane reformistane hadde om kor raskt gjennomføringa av den nye teljemåten ville gå. Dei som skal justere offisiell språkbruk, må truleg rekne med at ei reform som inneber endring av eit så frekvent fenomen i språket som talord, truleg vil ta 2-3 generasjonar før det fell til ro og finn si form (Omdal 1977:8).

Føresetnaden om at elevane skulle lære den nye teljemåten gjennom skolen har svikta, for det ser ikkje ut til å vere eit bevisst mål for lærarane å lære elevane den nye teljemåten. Han er til dels blitt sabotert, både på grunn av uvilje, ignorering, slapp haldning og fåkunne.

Men ein kan heller ikkje seie at reforma har vore ein komplett fiasko. I kringkastinga og i dei fleste massemedia held programfolka seg stort sett til den nye teljemåten, sjølv om det bare er i NRK at dei tilsette er bundne til ein streng direkte instruks. Den formelle talesituasjonen, til dømes ved opplesing av nyheiter, fremjar tydelegvis bruken av den nye teljemåten.

Uansett må ein kunne seie at *den nye teljemåten har*

slått mye dårlegare an enn mange hadde venta på førehand. I staden for å ha innført *ein* ny teljemåte som erstatning for den gamle, har vi fått *to* alternative teljemåtar, der det framfor alt er ein skilnad i formalitetsgrad. Dermed er det tvilsamt om vi så langt har fått noen gevinst. Mange vil hevde at vi i staden har fått meir forvirring. Reforma har heller ført til *fleire* misforståingar enn færre. Folk må no kunne *to* teljemåtar, og ved munnleg kommunikasjon krevst det meir konsentrasjon og merksemd på avkodinga når talorda blir brukte, slik at misforståingar ikkje oppstår. Det kan derfor sjå ut som om vi vil få mange år framover med «dobbeltkøyring».

Litteratur om talreforma

Kvifte, Bjørn Harald 1978: *Den nye tellemåten - departementalt påfunn eller språkforbedring. Søkelys på tallreformen av 1951.* Hovudoppgåve, Oslo.

Ny uttale av visse tallord 1950: *Stortingsmelding* nr. 31:1-10.

Omdal, Helge 1977: Høyangermålet. *Språklig Samling* nr.1:7-9.

Seip, Didrik Arup 1950: *Tellingsmåten i norsk og mulig endring.* Oslo: Land og kirke.

Vinje, Finn-Erik 1991: Om å få folk til å telle annerledes. *Språknytt* nr. 4:2-5.

Vibeke Lauritsen:

Snakker dei dansk i Kristiansand?

Kristiansandarane er vane med å bli kalla *halvdanskar* eller *reservedanskar*. Folk seier kristiansandsk høyrest dansk ut. Men påstanden er «einvegssynsing», for det er *nordmenn*, ikkje danskar som meiner vi snakkar dansk.

«Ekte» danskar ser tydelegvis ikkje på oss som danskar. Eg, som er innfødd kristiansandar, har sjølv opplevd at danskar har trudd eg var *svensk*, og at dei har vanskelegare for å forstå meg enn folk frå Bø i Telemark eller frå Oslo. Det har eg erfart dei to siste somrane da eg har vore på språkkurs på Færøyane og i Finland saman med andre nordiske studentar. Det at danskane ikkje er så vane med å høyre dialektar, og at austnorsk og bokmål er dei variantane av norsk dei truleg høyre og les mest, gjer at forventningane deira til munnleg norsk nok i alle fall ikkje er kristiansandsdialekt.

Men viss der er noen talemål i Noreg som skulle bli oppfatta som danske, må det vere dialektane i kystområda på Agder, sidan det er den delen av Noreg som geografisk ligg nærmast Danmark. Og språkdrag som bare finst i sørlandsk og i dansk, og ikkje i andre norske dialektar, skriv seg truleg frå kontakt med Danmark. Men dei treng ikkje nødvendigvis ha noe å gjere med at vi hadde dansk som skriftspråk her i landet i fleire hundre år.

Skipsfarta langs kysten og kontakten over Skagerak har gjort at dialektane på Agder-kysten har blitt meir påver-

ka av ulike slags talemål enn avstengte innlandsbygder. Ein del av likskapane har sikkert kome inn under dansketida, men noen av samsvara er utan tvil mye eldre.

Dansk

Dei fleste danskar snakkar i dag regionalspråk eller riksspråk. Men i dansk er der stor skilnad mellom skrift- og talespråk. Skriftleg dansk er veldig likt gammalt bokmål/riksmål, og greitt å forstå for nordmenn. Men munnleg dansk er vanskelegare for oss, og på radio eller TV får vi helst høyre ei utgåve av riksdansk.

Når vi kristiansandarar reiser til Danmark og Hirtshals med danskeferja, er det nok helst dei tilsette på Brugsen eller hos slaktar Winther vi snakkar med. Og dei fleste av oss har vel meir enn nok med å tyde kva slags talord dei seier mellom 50 og 99, enn med å høyre etter om der er skilnader i korleis dei snakkar... Dessutan trur eg heller ikkje dei snakkar dialekt til oss, når ein veit kor lite dei tradisjonelle dialektane blir brukte i Danmark i våre dagar.

Kvifor seier folk at vi snakkar så dansk?

Eg trur der blir lagt mye vekt på visse spesifikke språktrekk, for i utgangspunktet er der ikkje så mye likt mellom kristiansandsk og dansk. Da eg hadde praksis på Vågsbygd videregående skole i Kristiansand i haust, skreiv ein elev at kristiansandsdialekten stammar frå dansk.

Og dette er kanskje ei allmenn oppfatning. Mållaget i Kristiansand sendte brev til kommunestyret i Kristiansand i 1992 med oppmodning om at bystyret skulle gjere eit vedtak slik at Kristiansand kunne gå over frå å vere ein bokmålskommune til å vere språkleg nøytral. Men ordføraren sa da i formannskapet at kristiansandsk låg nærmare opp til dansk enn til nynorsk, så framlegget blei avvist.

Dette argumentet er au ei vanleg innvending i diskusjonen om forholdet mellom bokmål og nynorsk, og dialekten vår. Folk meiner at det er vanskeleg for dei å skrive nynorsk fordi kristiansandsk ligg nærmare dansk, og derfor er det mest naturleg å skrive bokmål. Om desse argumenta held, er ei heilt anna sak.

Likskapar og forskjellar

Lydverk og uttale

Viss ein spør lekfolk, same kor dei kjem frå i landet, så seier dei nok at vi snakkar så likt dansk pga. dei blaute konsonantane. Etter lang vokal blir *p,t,k* til *b,d,g*. Vi seier: *mad, ud, tag, ved, pipe* og *lege*, ikkje *mat, tak* eller *pipe*.

Der finst noen unntak som *spiggår, nøddår* og *sidde* (= *spikar, nøtter* og *sitje*). Men regelen er ikkje produktiv lenger, slik at vi seier *apotek, datamaskin* og *stupe*, ikkje *apotege, dadamaskin* og *stube* som vi «eigentleg» skulle ha sagt, dersom regelen for plosivsvekking framleis hadde «virka». Men vi har sjølv sagt ei heil mengd med ord som er leniserte. Men dette er eit *sørvestlandsk* språktrekk, og ikkje noe spesielt for kristiansandsdialekten.

Når det gjeld *uttalen* av desse konsonantane i dansk, er han heilt annleis enn vår. Likskapen ligg først og fremst i korleis desse konsonantane blir *skrivne* på dansk, ikkje korleis danskane sjølve uttaler dei. *B,d,g* er blitt betrakteleg redusert i dansk. Dei seier for eksempel *løj*, ikkje *løg*, men det gjer vi i Kristiansand.

Dei blaute konsonantane er ikkje eit språktrekk som kom inn med dansketida, men allereie på 11-1200- talet. At dei blaute konsontane er komne over sjøen frå Danmark, ser ein av at det er eit kystfenomen som ikkje går langt inn i landet, spesielt ikkje i Aust-Agder.

Men det er ikkje bare dette språktrekket som gjer at vi blir kalla halvdanskar. Det har au samanheng med *skarre-r*, som dei nyttar i Danmark. Men dette språktrekket blir ikkje bare brukt på Sørlandet. Det har vore det mest ekspanderande språktrekket i norsk det siste hundreåret. I dansk blir *r*-en oftast vokalisert slik at ein nesten ikkje høyrer han i det heile. Der høyrer ein for eksempel ikkje lenger skilnad mellom *at lære* og *en lærer*. Andre språklege særdrag i dialekten vår som liknar dansk er for eksempel utviklinga av *g* til *v* i ord som *mave, have, save* og *gnave* på same måte som i dansk. Vi seier ikkje *mage* og *gnage*. Noe liknande er utviklinga vi har i ord som *skau, bau* (på ein båt) og *faul*. På dansk blir slike ord ofte skrivne med *v* (*skov, bov*), men uttalen er gjerne med diftong (*skou, bou*). Desse formene har samanheng med språket i Danmark og Sørvest-Sverige.

I kristiansandsk er hovudregelen at vokalen i første sta-

ving blir forkorta visse samansetningar: *sjøvann, blåbær, hvitveis* og *brødkniv*, blir uttala som *sjøvvann, blåbbær, viddveis* og *brøkkniv*. I dansk er også vokalforkorting hovudregelen i tilfelle som dette.

Vi seier ofte at danskane har ei potet i halsen når dei snakkar. Dette kjem truleg først og fremst av at dei har noe ein kallar stød på dansk. Det finst ikkje i sørlandsk. Det manglande stødet er truleg ein av hovudgrunnane til at danskane ofte tar oss for svenskar. Derimot har kristiansandsk som dei fleste norske talemål to *tonem* eller *tone-lag*, vi skil altså mellom *sola* og *Sola* med ulik tonegang.

Samanhengen med dansk uttale er derimot tydeleg i uttalen av småord som *vi, di, ho, da* og *æ* både med kort vokal og med kort konsonant i trykksterk og i trykklett stilling. Dette språktrekket har intensitetsområde i Kristiansand. Vi skil mellom *få*, med lang vokal (= ikkje mange), som «normalt» i norsk: *Det va `kke få*, og *få* med kort vokal, som er spesielt for Sørlandet: *Det ska du få*. Denne stavingstypen er elles stort sett ukjent i norsk.

Eit anna lydleg trekk som vi har felles med dansk, er uttalen av vokalane *frisk* som *fresk*, *grunn* som *gronn* (der er grunt vann) og *stykke* som *støkke*. Men danskane skriv au orda med *i, u* og *y*.

I Kristiansand uttaler vi ein *ø* i infinitiv av verb. Vi seier *sovø* og *snakkø*, og i presens, dvs. føre *-r*, blir det *å*: *sovår, snakkår*. Dansk har den same lydovergangen.

Ein skilnad er at vi har bevart dei gamle diftongane *øu, ei* og *øy* som i *laus, heil* og *røyg*. I dansk riksmål er der bare såkalla sekundære (dvs. historisk sett nyare) diftongar. Vi seier for eksempel *løg* med enkeltvokal, i dansk heiter det derimot *løj* med diftong, men denne diftongen er historisk sett ikkje den same som den «gamle» diftongen i nynorsk *lauk*.

Ordlaging og bøying

Sterke verb får som i dansk ikkje omlyd i presens. Vi seier *kommer, sover* osv i presens, ikkje *kjem* og *søv*. Sva-ke verb endar derimot i preteritum på *-ede* på dansk (*kastede, skiftede*), mens vi har *-a* (*kasta, skifta*).

I kristiansandsdialekten har der blitt utjamning av bøy-inga av *han-, ho-* og *inkjekjønnsord* i fleirtal, slik at det heiter *guttår/guttane, jentår/jentane* og *eplår/eplane*. Slik er det ikkje i dansk, der har ein til dels ulike endingar (*dreng/drengene, piger/pigerne, æbler/æblerne*). Kristiansandsk har dessutan tre kjønn. I dansk riksspråk er der bare to, utrum (felleskjønn) og nøytrum.

Setningsbygning og ordstilling

Bruken av formelt subjekt *der* er eit sørvestlandsk trekk. Vi seier *Der er noen der henne*. Dette blir brukt på same måten i dansk, men i moderne norsk skriftspråk heiter det oftast *det*.

Ved verb som *gå* kan ein i sørlandsk bruke både *har* og *er* som hjelpeverb i perfektum: «han *har* komme og gått heile dagen, men nå *er* han gått heim». I dei fleste norske dialektar vil ein gjerne bruke *har* i alle tilfelle: «han *har* komme og gått heile dagen, men nå *har* han gått heim». På dansk vekslar det derimot med *har* og *er* alt etter samanhengen, som i sørlandsk.

Når eg seier at *eg kasta mannen ut*, er der ingen sørlendingar som ville reagere på ordstillinga. Trøndarar og austlendingar ville derimot heller *ha kasta ut mannen*. Her er sørlandsken igjen på linje med dansken.

Når det gjeld *genitivs-s*, har vi oftast dei same formene som dansk i kristiansandsdialekten, for eksempel *mannens hatt* (= mandens hat). På dansk bruker ein derimot aldri såkalla omskriven genitiv med preposisjon: *hatten til mannen*. Det at *s*-formene finst i dialektane på Ska-gerakkysten, vitnar om det språklege sambandet med Danmark. Men ikkje alle *s*-formene er heilt like dei danske; vi seier til dømes *hosses bil* og *disses båd*. Og noen har kanskje høyr t kristiansandsregla *vemses er det dasses viss det ikke er dissers*?

I motsetnad til dansk vil vi i helst seie *han* eller *ho* når vi viser til ting av hankjønn eller hokjønn: *Å henne er boga mi? Ho ligger der henne*. Dette stemmer altså med nynorsk.

I motsetnad til det meste av Noreg, og til liks med dansk, stiller vi ikkje personnamn og pronomen saman. Vi seier som danskane *Per og Kari er her*, ikkje *han Per og ho Kari er her*.

I dansk er der ikkje dobbel bestemming: *Det store huset blir det store hus*.

Er kristiansandsk dansk?

Vi har altså mange språktrekk felles med dansk. Disse har svært forskjellig utbreiing på norsk område, men mange av dei har intentsitetsområdet sitt i Kristianand. Likevel er dei språklege banda til resten av Noreg langt sterkare enn parallellane eg har peika på. På visse punkt ligg jamvel kristiansandsken nærmast *nynorsk*, som vi har sett, for eksempel når det gjeld gamle diftongar (*laus, heil, røyg* osv.). Påstanden om at vi snakkar dansk er som nemnt heller ikkje noe danskar meiner, men *nordmenn*.

Litteratur som framstillinga bygger på:

Christoffersen, Marit (1991): «Kristiansandsmålet», i Ernst Håkon Jahr (red.): *Den store dialektboka*. Oslo: Novus.s.187-193.

Lie, Svein (1984): *Innføring i norsk syntaks*. Oslo: Universitetsforlaget

Mållaget i Kristiansand (1992): Brev til kommunestyret i Kristiansand om vedtak om målform i kommunen

Pedersen, Karen Margrethe og Bent Jul Nielsen (1991): *Danske talesprog*. København: Gyldendal

Torp, Arne (1990): «Hvor er Sørlandet — og hva er det?» i Ernst Håkon Jahr: (red.): *Den store dialektboka*. Oslo: Novus forlag. s.29-43.

Kjell Ivar Vannebo:

Riksmålsordboken i illustrert utgave

Melding av Tor Guttu (red.): *Norsk illustrert ordbok. Moderat bokmål og riksmål*, Oslo 1993 : Kunnskapsforlaget

Norsk illustrert ordbok (NIO) er, som undertittelen sier, en ordbok over moderat bokmål og riksmål. Den er på 1009 sider, men inneholder i tillegg et kort forord, en innledende veiledning og en oversikt over forkortelser og tegn som er brukt i ordboka. I forordet blir det opplyst at NIO bygger på manuskriptet til *Riksmålsordboken* (RO), som ble utgitt av Kunnskapsforlaget i 1977 med Tor Guttu som hovedredaktør. Dette manuskriptet er imidlertid blitt revidert og utvidet både m.h.t. antallet oppslagsord, antallet betydninger, definisjoner og eksempler. Den mest iøynefallende forskjellen er, som det også framgår av tittelen, at NIO inneholder illustrasjoner til en del av ordene. Videre gir NIO ikke bare opplysning om ordets betydning, men i mange tilfeller angis det også synonymer til de enkelte oppslagsordene. På tilsvarende måte som i RO blir det til slutt i ordartiklene også gitt kortfattede opplysninger om etymologi eller historisk opphav. Redigeringspråket i ordboka er riksmål.

NIO er så å si identisk med *Aschehougs og Gyldendals Store norske ordbok* (SNO) som ble utgitt på Kunnskapsforlaget i 1992 med Tor Guttu som redaktør. SNO er et supplement til Store norske leksikon og skiller seg ellers fra NIO bare når det gjelder layout og illustrasjoner.

Den innledende veiledningen i NIO er bygd opp på samme måte som i RO. Et sentralt punkt i en ordbok som tar sikte på å beskrive en avgrenset varietet av norsk språk, er selvsagt spørsmålet hvordan denne varieteteten etableres og beskrives. NIO omfatter som nevnt egentlig to varieteter — moderat bokmål og riksmål. Disse beskrives her under ett, men det er samtidig i mange tilfeller skilt mellom dem både når det gjelder oppslagsordenes form (inklusive skrivemåte) og bøyning. Ord som er rene riksmålsformer, og som altså ikke er tillatt brukt innenfor den offisielle bokmålsrettskrivningen, er markert grafisk med en trekant (\wedge), og de er skilt fra bokmålsformen med en loddrett dobbeltstrek:

Eksempel oppslagsord:

lompe \wedge -n el *lompa*, -r || **lumpe**-n el. *lumpa*, -r

søtladen \wedge -t, -dne || **-laten** -t, -tne

Har riksmålet to varianter, mens moderat bokmål bare har én, er de oppført med eller (el.) i mellom:

snø el. **sne** \wedge -en

Eksempel bøyning:

rekvisitt -en \wedge || -et, -er

demme -et \wedge || *demte*

beruse -et \wedge el. -te

Dette leses altså slik at substantivet *rekvisitt* er maskulinum i riksmål, mens det er nøytrum i bokmål. Verbet *demme* får preteritumsendelsen -et i riksmål, mens det

får-*te* i bokmål. Ved *beruse* derimot har riksmål alternativt *-et* eller *-te* i preteritum, mens bokmål bare har *-te*.

Enkelte leksikalske varianter kan også være underlagt begrensninger av f.eks. stilistisk art. En slik «begrenset» variant er f.eks. formen *bjerg*^A, som er oppført som eget oppslagsord med henvisning til den vanligere varianten *berg*. Under artikkelen om *berg* opplyses det da videre at varianten *bjerg*^A forekommer i visse uttrykk som f.eks. *tro kan flytte bjerge*. Når det gjelder varianter av grammatiske morfemer, blir disse ført opp under bøyningssystemene når det dreier seg om gjennomgående morfologiske trekk som i de siterte eksemplene ovenfor (*rekvisitt, demme, beruse*). Men grammatiske morfemer som er begrenset i bruk ved at de bare forekommer i visse stilistisk markerte uttrykk, har ikke status som bøyningssystemer av ordet. Disse omtales derfor bare i forbindelse med eksempler på den markerte bruken inne i ordartikkelen. Et ord som insektnavnet *humle* har altså bøyningssendelsen *-n* i bestemt form entall, mens ordet opptrer med endelsen *-a* i det eneste eksemplet på bruk av ordet, som er det familiære uttrykket *la humla suse*. Et tilsvarende skifte har vi også ved substantiver som *bust, hylle, klo, luke, matte, mølle, nål, pære, stikke, ull*, som alle oppføres som *-(e)n*-ord, men som likevel må eller kan ha *-a* i enkelte faste uttrykk (*slåss så busta fyker, legge noe på hylla eller hyllen*) *slå kloa eller kloen i en, luft i luka, holde seg på matta eller matten, få vann på mølla, ikke eie nåla i veggen, høy på pæra, kaste på stikka, være (av) samme ulla*.

Dette henger selvsagt sammen med at den varieteten som beskrives i denne ordboka, i utgangspunktet er en varietet der substantivene bare har to kjønn — felleskjønn og nøytrum. De stilistisk markerte *a*-formene som er gjengitt ovenfor, aksepteres egentlig ikke som bøyningssystemer ved disse ordene og er følgelig ikke innlemmet i selve bøyningssystemet. Men samtidig finnes det også substantiver som kan få bøyningssendelsen *-a* i bestemt form entall innenfor denne varieteten. Bare *-a* har vi ved enkelte særnorske ordformer som *bu, farlei, øy* (ved siden av *bod, farled, ø*, som bare har *-en*) og ord med særnorsk og ofte familiært preg som f.eks. *bikkje, blære* (om person), *dille* (=delirium), *flyfille* (mens *fille* har *-n* eller *-a*), *dille* (=delirium), *gutu, julestri, jåle, katte, klype* (om hand), *kløne, ku, kule* (i uttrykk som *hele kula*), *møkk, skravlebøtte* (mens *bøtte* bare har *-n*), *slette* (i hoppbakke, mens *slette* ellers har *-n* eller *-a*), *smørje, snelle* (om person), *snuppe, striskjorte* (mens *skjorte* bare har *-n*), *vårknipe* (mens *knipe* bare har *-n*). Hit hører også ord som bare forekommer i bestemt form, f.eks. *bakleksa, blåmyra, (på) hekta, (i) otta, (på) vidotta* og enkelte substantiverte adjektiver som *gamla, tjukka, vesla*. Videre er det en god del substantiver som har valgfritt *-en* eller *-a* i bestemt form entall. Det gjelder f.eks. *binne, bjørk, bløyte, brakke, brok, brygge, budeie, bukt, bygd, fele, hytte, jente, kjerre, kjerring, kleiv, kokke, krå, køye, lefse, løe, løype, merr, myr, not, rumpe, seter, skute, skøyte, smie, stue* (om *hus*), *tispe, ur, vik* (=bukt), *økt*. Dette betyr altså at det er tilløp til et tredelt endingsssystem også innenfor denne varieteten, men at det først og fremst er restriksjoner

av leksikalsk og stilistisk art mot å akseptere en ytterligere utvidelse av *a*-formene. Den innledende veiledningen gir ikke opplysninger om prinsippene for denne genusvekslingen mellom *-en-* og *-a-*ord. Det er opp til leseren å finne ut av den ved å studere de enkelte oppslagsordene.

Det hadde i det hele tatt vært ønskelig at vi i den innledende veiledningen hadde fått en kort systematisk oversikt over bøyningssystemet innenfor den normen — eller dobbelnormen — som ordboka beskriver. Særlig hadde jeg ønsket en mer prinsipiell drøfting av den normen som skjuler seg bak begrepet «moderat bokmål» og forholdet mellom denne normen og riksmålsnormen. For å finne ut hva forfatteren legger i begrepet, må vi ty til definisjonen under oppslagsordet *bokmål* inne i ordboka. «Moderat bokmål» defineres her som «bokmål som (i hovedsaken) ikke fjerner seg mer fra riksmål enn den offisielle rettskrivning krever», mens «radikalt bokmål» defineres som «bokmål som gjennom tilnæringsformer fjerner seg påfallende fra riksmål, bokmål med nynorskpreg». Både den moderate og den radikale bokmålsvarietetten defineres altså i realiteten med basis i riksmålsnormen. Det betyr f.eks. at *a*-formene i bestemt form entall får status som «moderate» eller «radikale» alt etter om de er godtatt i riksmålsnormen eller ikke. Former som *bua, kua, binna* blir ut fra denne definisjonen «moderate» (eller riksmålsformer), mens de tilsvarende *a*-formene innenfor den offisielle bokmålsnormen normalt vil måtte oppfattes som «radikale» i forhold til de eksisterende sideformene på *-en* (*buen, kuen, binnan*). Et tilsvarende eksempel har vi i bestemt form flertall av nøytrumsord. Disse får normalt endelsen *-ene* i fellesnormen «riksmål/moderat bokmål». Unntak er ordet *barn*, som bare har *-a*. Formen *barna* tilhører altså her den «moderate» normen (fordi det er en akseptert riksmålsform), mens den samme formen må karakteriseres som den «radikale» varianten innenfor offisielt bokmål, der sideformen på *-ene* utgjør den «moderate» eller «konservative» varianten.

Spørsmålet er vel om det i det hele tatt er hensiktsmessig å karakterisere en formvariant som «moderat» eller «radikal» når den ikke står i motsetning til en annen variant innenfor samme norm. Den siterte definisjonen av begrepet «moderat bokmål» fører også lett til skiftende resultater over tid for hvilke former som karakteriseres som «moderate». I *Riksmål og moderat bokmål. En sammenlignende oversikt* (1973) regnet Brynjulf Bleken f.eks. nøytrumsformer som *dyra, garna, kjea, krøttera, nauta, trolle* med til «moderat bokmål». Den gangen var disse formene eneformer i bestemt flertall innenfor bokmålsnormen. Den offisielle rettskrivning «krevde» altså disse formene, og i en viss forstand kunne en si at de fjernet seg «minst» fra riksmålsnormen, og følgelig karakterisere dem som «moderate». Når derimot *-ene* seinere ble innført som alternativ hoved- eller sideform i offisielt bokmål, ble det en reell motsetning mellom to former, og av disse fjernet endelsen *-ene* seg minst fra riksmålsnormen. Følgelig ble det den «moderate» varianten, mens formene på *-a* fikk status som radikale former.

Redaktøren av NIO kan selvsagt ikke bebreides for hvilke former andre har valgt å regne til den såkalte moderate bokmålsnormen, men nettopp fordi det er så pass mye uklarerhet knyttet til begrepet 'moderat bokmål' som en separat norm, ville det ha vært ønskelig med en mer utførlig redegjøring i veiledningen i tillegg til den korte konstateringen i forordet om at «bokens moderate bokmål konstitueres av de moderate bokmålsformene (1993), slik de finnes i Bokmålsordboka og Tanums store rettskrivningsordbok (7.utg. 1989).

NIO gir som nevnt også opplysninger om *uttale*. Det opplyses i veiledningen at en bygger på *norsk standarduttale*, og at det forutsettes at «hovedtrekkene ved denne uttalen er kjent». Begrepet «norsk standarduttale» blir ikke definert nærmere i NIO, men det vises til *Norsk uttaleordbok* (1969) for nøyaktigere opplysninger om uttalen. Denne uttaleordboka regner som kjent med at det eksisterer en landsgyldig uttalenorm med basis i skriftspråket og «den normaluttale som stort sett er rådende blant folk med høyere allmenndannelse i hovedstaden og andre byer på Østlandet». Egentlig er det altså det velkjente — og omstridde — begrepet «standard østnorsk» som her dukker opp under betegnelsen «norsk standarduttale».

Jeg skal ikke her gå inn på berettigelsen av å operere med en slik talemålsnorm, men bare peke på noen konkrete tilfeller der en bruker som følger veiledningen, kan være i tvil om uttalen av enkeltord. Samtidig som det forutsettes at hovedtrekkene ved «norsk standarduttale» er kjent, sies det i veiledningen at uttalen blir angitt når den «ikke gir seg ut fra skriftbildet.» Men kriteriet om hvilken uttale som «gir seg» eller «ikke gir seg ut fra skriftbildet», er ikke alltid like lett å bruke i praksis. Det oppgis f.eks. at substantivet *lukt* uttales [lokt]. Dette blir gjort dels fordi skriftbildet skulle tilsi en uttale med [-u-] og dels for å skille substantivet fra det homonyme adverbet *lukt*, som ifølge NIO skal uttales med [-u-]. Ved verbet *lukte* finner vi derimot ingen uttaleangivelse. Skriftbildet skulle tilsi uttale med [-u-] også i dette ordet, men samtidig er det vanskelig å se noen grunn til at vokalkvaliteteten skulle være annerledes her enn i substantivet. Går vi til *Norsk uttaleordbok* for hjelp, finner vi at [-o-] skal brukes både ved verbet og substantivet. Men dessuten finner vi her at adverbet *lukt* også kan ha [-o-]-uttale. Ved andre ord med samme fonologiske form, som f.eks. *bukt* og *bukte*, er det ikke angitt uttale i NIO. Holder vi oss strengt til veiledningen, skulle vi følgelig vente en uttale i samsvar med skriftbildet, dvs. [-u-]. Men slår vi igjen opp i uttaleordboka, finner vi at begge skal uttales med [-o-]!

Og hva med alle ord med såkalte stumme konsonanter i utlyd, som f.eks. *brød*, *land*, *kveld* osv.? Ingen av disse ordene har uttalemarkering, og det kan selvsagt tolkes slik at brukeren får følge sin egen talemålsnorm, men følger vi veiledningen slavisk, skulle disse strengt tatt uttales slik de skrives. Det er altså ikke alltid like enkelt å finne ut av hva som er «korrekt» uttale, og særlig vanskelig synes det å være for de brukerne som er så uheldige at de ikke har internalisert den forutsatte standarduttalen.

Det er for øvrig flere diskrepanser mellom uttalen i NIO og den uttalen som oppgis i *Norsk uttaleordbok*. Det synes imidlertid å være et gjennomgående trekk at i tilfeller der uttaleordboka angir alternative uttalevarianter, så velger NIO den varianten som enten svarer mest overens med skriftbildet i hjemlige ord som f.eks. *herd* [hærrd](= skulder), *ferdig* [færdi] eller den varianten som samsvarer mest med uttalen i opphavsspråket i fremmedord som f.eks. *jockey* [(d)sjåkki], *konfeksjon* [kånn-], *oktober* [åktåber]. Uttaleordboka oppgir her også variantene [hæ:r], [fæ:ri], [jå'kki], [konfeksjo:'n] og [åkto:'ber].

Ifølge opplysninger på omslaget inneholder NIO mer enn 60.000 oppslagsord. Av disse er igjen ca. 1.000 illustrert i form av strektegninger i marginen. Det betyr at ca. 1,7% av oppslagsordene er forklart med illustrasjoner i tillegg til selve definisjonene. Hensikten er selvsagt å supplere definisjonene av oppslagsordene med å vise hvordan tingen eller gjenstanden ser ut. Som regel står illustrasjonene i marginen rett ut for oppslagsordet, og alle er tekstet. Illustrasjonene er enkle, tydelige og poengterte. I gjennomsnitt er det ca. 1 illustrasjon pr. side, men som bruker kunne en godt ha ønsket seg flere, da de fungerer som et svært nyttig supplement til definisjonene, og da det fortsatt er god plass i marginen. Illustrasjonene skiller seg fra tilsvarende illustrasjoner i SNO både m.h.t. plassering og utforming, og de forandringene som er gjort i NIO, har utvilsomt vært av det gode.

For å kunne vurdere definisjonene og inndelingen i ulike hovedbetydninger i en så omfattende ordbok som NIO, forutsettes det at en har brukt boka regelmessig over lengre tid. Mitt hovedinntrykk, som baserer seg på tilfeldige «søk» i boka, er likevel at definisjonene er klare, og at forfatteren følger en konsekvent linje i inndeling av de ulike betydningene. Eksemplene på ulike betydninger er også velvalgte. Men det «kvinnefraværet» som Arnbjörg Hageberg fant i SNO (se artikkelen «Ordbruk og ordbok, kjønn og makt» i Gunnarsson og Liberg (utg.): *Språk, språkbruk och kön*, Uppsala 1992), er like klart i NIO. I generelle eksempler er det pronomenerne *han*, *ham* og *hans* som dominerer, og sammensetninger som f.eks. *kvinnedag* og *kvinnediskriminering* mangler også i NIO.

I presentasjonen bak på omslaget heter det at «Norsk illustrert ordbok er en stor, illustrert ordbok som dekker de fleste behov som brukerne av norsk språk måtte ha». Etter min vurdering er denne presentasjonen villedende, så lenge det ikke sies et ord om at den normen (eller dobbelnormen) som beskrives, ikke er en offisielt godkjent norm for norsk språk. Som alle andre som kjøper en vare, burde også kjøpere av ordbøker ha krav på riktige opplysninger om hva varen inneholder! Mine innvendinger mot NIO går altså først og fremst på at den ikke inneholder en redegjøring for den dobbelnormen som blir beskrevet, og at brukerne ikke får opplysning om hvilken status denne normen har i det norske språksamfunnet. Det overrasker meg også at redaktøren ikke har tatt hensyn til kritikken om «kvinnefraværet» i SNO og forbedret dette i NIO på samme måte som illustrasjonene er blitt forbedret.

Ernst PÅRAN Jens
Rykkveien 53
5100 KVALØYSETTA

C

Returadresse:

SPRÅKLIG SAMLING

Postboks 636 Sentrum, 0106 OSLO

Ettersendes ikke ved varig adresseendring, men sendes tilbake med den nye adressa påført

Innhold

Redaksjonelt	2
<i>Trude Hoel</i> : Valfridom i skriftnormalane – i prinsippet og i praksis	3
<i>Arne Torp</i> : Ikke-harselas fra formannen i Riksmålsforbundet	5
<i>Ivar Hundvin</i> : Samnorsken var ikke død?	5
<i>Vibeke Lauritsen</i> : Talreforma av 1951 - suksess eller fiasko?	6
<i>Vibeke Lauritsen</i> : Snakker dei dansk i Kristiansand?	7
<i>Kjell Ivar Vannebo</i> : Riksmålsordboken i illustrert utgave	9

Kjære nye leser!

Likte du bladet? I så fall har du nå sjansen til å få bladet *hver* gang det kommer ut, dersom du krysser av i den eller de aktuelle rubrikkene nedenfor.

◇ **Jeg vil gjerne bli abonnere på Språklig samling (bladpenger 110 kr. året for alle)**

Likte du prisippprogrammet vårt også? I så fall bør du melde deg inn i laget!

◇ **Jeg vil gjerne bli medlem i LSS (og få bladet på kjøpet; ordinær medlemskontingent 125 kr. året, 75 kr. for skoleelever, studenter og pensjonister)**

◇ Kryss av her dersom du er skoleelev, student eller pensjonist

Navn: _____

Adresse: _____

Klipp ut og send til Språklig samling, postboks 636 Sentrum, 0106 Oslo.

Postgiroinnbetalingskort vil komme sammen med neste nummer av bladet.

Kontingent for 1996

I forrige nummer av bladet (nr. 1/96) skulle det vært lagt inn betalingsblankett til alle medlemmer og betalende abonnenter, men dessverre skjedde ikke det i alle tilfelle. Vi vil derfor be de som veit at de ikke har betalt, om å sende en vanlig innbetalingsblankett eller girere til

Språklig samling, postboks 636 Sentrum, 0106 Oslo
Postgiro 0803 5163787.